Styremøte i Valldal Bygdekvinnelag måndag 9.november kl. 1800
på biblioteket,studierommet.

Før møtet var det fotografering av nytt styre v/Judith.

Bjørg ønskte velkomen til møte, særleg velkomen til nytt styremedlem Hanne.

Sak 1 Godkjenning av innkalling, sakliste og gjennomføring av årsmøte.
Startar med ny saksnummerering etter at årsmøte er gjennomført.
Saklista vart justert undervegs i møtet, sidan oppsettet var litt endra frå det som var utsendt.

Sak 2 Konstituering
Etter litt diskusjon vart styret samde om slik fordeling av verv komande arbeidsår:
- Leiar som er vald av årsmøtet; Bjørg
- Nestleiar Mette NV
- Kasserar Gerd
- Skrivar Magnhild
- Studieleiar Hanne
- 1.vara Mette Marie

Enkelte oppgåver som leiar har følgd opp inneverande år blir fordelt til nestleiar etter nærare avtale.

Rekneskapsførar: Gerd tek på seg denne oppgåva etter at Berit har sagt frå seg.

Undergrupper
Fordeling av styremedlemmer til undergruppene:

Sansehagen:	Hanne
Turnemnda:	Mette NV og Mette Marie
Kviss:	Bjørg
Vertinnegruppe:	Mette Marie
Syng med oss:	Ingen frå styret

Utanom styret held desse fram med sine oppgåver, jf. vedtak på årsmøtet.

Nettansvarleg:	Judith
Berdskapsrådet:	Solveig
Nyføddgåve:	Randi H H
Dikt:	Sunneva
Revisorar:	Randi Flø og Kjell Rønning

Leiar tek kontakt med Randi Flø i høve suppleringsvalet til valnemnda.
Vidare ansvarsfordeling internt i styret blir å kome attende til i eiga sak.

Sak 3 Evaluering Bygdebrønsj
I*nnkjøp og tilbereding av mat var godt berekna, sjølv om enkelte pålegg (eggerøre)var litt knapt.*

Brød var godt berekna i høve til talet på gjestane
Greit med tidsfordeling på vaktene.

Liten plass der det var sett fram drikke, koppar mm

Lite som måtte innleverast att på Spar av det som var innkjøpt.

Sak 4 Rapportering til NBK, distriktsstyret og Brønnøysundregistret
Gerd har rapportert til Brønnøysundresgisteret
Mette NV rapporterar inn til NBK om det nyvald medlem til styret

Sak 5 Søknad frå foreldrerådet v/Syltebøen barnehage

Søknad om stønad til Kenwood kjøkkenmaskin.
VBK er positive til tiltaket, men styret ser ikkje at dette innkjøpet kan fullfinansierast av laget.
Bjørg gir tilbakemelding.

Sak 6 Godtgjering til rekneskapsførar
Styret sitt forslag var kr 5.000, noko som det var semje om.
Satsen vert evaluert etterkvart.

Sak 7 Planlegging av Førjulshygge 10.desember
Stad: Skulekjøkkenet. Mette NV avtalar lån av kjøkkenet
Aktivitet: Julepynt v/Hanne
Underhaldning: Song, Gerd tek kontakt om opptreden
Meny: Julebrød, pepparkaker, gløgg, kaffi, Mette Marie handlar inn
Styremedlemmane tek med gevinstar

Detaljar vert å kome attende til på neste styremøte.

Sak 8 Eventuelt
Økonomi – evt. omplassering av midlar

Div. justering av kti for å oppnå best mogleg rente av innskot.

Plasseringskonto og konto med fastrenteinnskot vert slått saman.
Gerd tek kontakt med banken.

Neste styremøte vert 30.11.

Møtet slutt kl. 20.20.

Magnhild
skrivar